



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Global Florø A/S
Postboks 24

6901 FLORØ

Overteke av Norway Pelagic Florø AS

Dykkar ref.

Vår ref.
1997/08647 - 10/461.31/BN
A

Leikanger
20.09.99

GLOBAL FLORØ AS - LØYVE TIL UTSLEPP AV AVLØPSVATN FRÅ FOREDLINGSANLEGG FOR FISK I GUNHILDVÅGEN - FLORA KOMMUNE

Vi viser til søknad dagsett 15.12.1997 og til seinare korrespondanse og samtalar i saka.

Global Florø AS (tidlegare Skaarfish Pelagisk AS), har søkt fylkesmannen om nytt/revidert utsleppsløyve frå foredlingsanlegg for fisk i Gunhildvågen i Flora kommune. Verksemda søker på grunnlag av ein samla produksjon på inntil 70.000 tonn pelagisk fisk (sild og makrell) pr. år. Av dette er det rekna med inntil 20.000 tonn pr. år med filetert sild og makrell. Noverande produksjon er ca. 50.000 tonn pr. år.

Skaarfish Group AS fekk i 1990 løyve til utslepp av avløpsvatn for slakteri og vidareforedlingsanlegg for fisk på grunnlag av ein årsproduksjon på inntil 12.000 tonn laksefisk, og 50.000 tonn sild og makrell. Produksjonen av laksefisk vart overført til verksemda Kinn Salmon AS, som ved årsskiftet 1998/99 har lagt ned denne produksjonen i Gunhildvågen.

Søknaden har vore sendt på høyring og lagt ut til offentleg gjennomsyn/kunngjort i samsvar med «Forskrift om saksbehandling etter forurensningsloven». Det har kome inn uttale frå Flora kommune v/kommunelege I.

Vi har funne det formålstenleg å skrive ut eit nytt løyveskriv til verksemda, der vi får med både namneendringa og nytt produksjonsvolum, og der vilkåra blir oppdaterte i samsvar med ny standard for utsleppsløyve frå fiskeforedlingsverksemdar.

Med heimel i § 18 i ureiningslova blir utsleppsløyve dagsett 23.03.1990 m/ending dagsett 27.07.1995 trekt attende. Med heimel i den same lova, §§ 11 og 16, jf. rundskriv T-5/91 frå Miljøverndepartementet, gjev fylkesmannen Global Florø AS nytt utsleppsløyve for fiskeforedlingsverksemda i Gunhildvågen i Flora.

UTM-kordinatar for anlegget: 32V 287700 6834500.

./. Løyvet gjeld innafor nedanfor nemnde ramme, og på dei vilkåra som går fram av vedlegg.

Adresse	Telefon	Landbruksavdelinga	Telefon
Tinghuset, Skrivarvegen 3	57 65 50 00	Hafstadvegen 48	57 72 32 00
Postboks 37	Telefaks	Postboks 14	Telefaks
5842 LEIKANGER	57 65 50 55	6801 FØRDE	57 82 12 05
Epost: X.400: S=Postmottak;O=fm-sf;P=dep;A=telemax;C=no		Internett: Postmottak@fm-sf.sri.telemax.no	

Oversikt over fristar som gjeld:

1. mars kvart år	Innsending av eigenrapport. Sjå vilkår 5.3.
4 gonger årleg	Prøvetaking av prosessvatn. Sjå vilkår 5.4.

RAMMA FOR LØYVET

Løyvet gjeld følgjande produksjonsrammer:

Produkt	Produsert mengde i dag (tonn/år)	Ny produksjonsgrense (tonn/år)
Produksjon av pelagisk fisk (rundfrysing og filetering av sild og makrell)	Ca. 50.000	70.000

GRUNNGJEVING FOR AVGJERDA

Med omsyn til bakgrunnen for saka, viser vi til innleiinga til dette skrivet.

Dei nye produksjonsrammene medfører ei monaleg utviding av produksjonen ved verksemda, noko som i utgangspunktet vil kunne føre til auka utslepp og miljøpåverknad. Tiltak i produksjonen, handtering av avløpsvatn og avfall, saman med djupvassutslepp (ca. 45 meter) til eit nokså ope sjøområde, tilseier likevel at det ikkje skal bli vesentleg ulemper for resipient eller nærområde.

Kommunelegen viser til at det må sikrast god avstand mellom utsleppsleidning og leidning for inntak av sjøvatn til produksjonen. Vi føreset at dette er oppfylt med dei ulike nivå og dei plasseringane som leidningane har i dag. Vidare føreset vi at kvaliteten på vatn til produksjonen blir overvaka og dokumentert, jf. verksemda sine rutinar for mottakskontroll av vatn.

For å få betre dokumentasjon på dei faktiske utsleppa frå verksemda, og effekten av reinsetiltaka, er det sett krav til prøvetaking av avløpsvatnet.

Føresetnaden for at utsleppa og verknaden på omgivnadene skal bli så små som mogeleg, er gode rutiner og god eigenkontroll og oppfølging frå verksemda si side. I denne samanheng viser vi òg til dei krava som følgjer direkte av internkontrollforskrifta.

AVSLUTTANDE REGLAR OG ORIENTERINGAR**Endring eller attendekalling av løyvet**

Med heimel i § 18 i ureiningslova kan fylkesmannen gjere om eller setje nye vilkår i løyvet. Fylkesmannen kan om nødvendig kalle heile løyvet attende. Brot på føresetnadene for eller rammene for løyvet, kan føre til revurdering av vilkåra.

Tilsyn og ansvar

Fylkesmannen eller den han gir fullmakt, skal til ei kvar tid ha tilgang til alle delar av anlegget, journalar, rekneskap, interne vedtak, m.m. for tilsyn og kontroll, jf. §§ 48 – 50 i ureiningslova.

Den som har fått utsleppsløyve er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drive slik at det til ei kvar tid svarar til føremålet og vilkåra for løyvet. Drifts- og vedlikehaldsrutinar skal leggjast opp slik at ein til ei kvar tid har oversyn over anlegget og prosessane sine funksjonar og effektar. Ajourført informasjon skal når som helst, og utan ugrunna opphald kunne oppgjevast til kontrollør.

Ureiningslova og forskrifter til denne gjeld i tillegg til vilkåra i dette løyvet, og vil vere grunnlag for kontroll.

Alle verksemdar som sysselset arbeidstakar(ar), er frå 1.1.1992 pliktige til å ha ein internkontroll som sikrar at lover og reglar innan helse, miljø og tryggleik vert følgd, jf. § 52 b i ureiningslova og Internkontrollforskrifta (seinast endra 6.12.1996). I høve miljøvern-avdelinga hos fylkesmannen sitt tilsynsområde, vil vi spesielt streke under plikta til å etablere og drive ein internkontroll som vernar om **det ytre miljøet** (vern mot ureining og ei betre handsaming av avfall).

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som ureinar å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og vanlege erstatningsreglar, jf. kap. 8 og § 10 i ureiningslova.

Dette løyvet frittek ikkje søkjaren for å hente inn løyve eller samtykke etter anna lovverk.

Ureiningsgebyr, straff

Med heimel i § 73 i ureiningslova kan fylkesmannen fastsetje ureiningsgebyr (tvangsmulkt) til Staten for å sikre at tiltak og vilkår vert gjennomførte i samsvar med løyvet.

For ordens skuld gjer vi merksam på at brot på dette løyvet eller pålegg i tilknytning til løyvet, kan straffast etter ureiningslova, jf. kap. 10, dersom tilhøva ikkje vert råka av strengare strafferammer.

Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda, eller vilkår i løyvet innan 3 veker etter at avgjerda er motteken. Eventuell klage bør grunngjevast og rettast til Statens forurensningstilsyn (SFT). Klagen skal sendast om fylkesmannen som kan ta klagen heilt eller delvis til følgje, eller sende den til SFT til endeleg avgjerd.

Med helsing

Gunnar Bergo
fylkesmiljøvern sjef

Gøsta Hagenlund
seksjonsleiar

Sakshandsamar: Bjarne Nes. Tlf.: 57 65 51 49

Vedlegg

Kopi: Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo
Flora kommune, Postboks 13, 6900 Florø
Flora kommune, Kommunelege I, 6900 Florø
Fiskeridirektoratet, Region Sogn og Fjordane, 6701 Måløy
Kystverket 2. Distrikt, Postboks 466, 5501 Haugesund
Vass, BN (2 stk), GHA, GH

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1. Definisjonar

Prosessavløpsvatn er vatn som har vore i kontakt med råstoff, produkt eller avfall (medrekna transportvatn frå fiskebåtar), eller vatn som er ureina på andre måtar (unnateke sanitæravløpsvatn).

Sanitæravløpsvatn er ureina vatn frå toalett, dusj, garderobe, kjøkken/kantine o.l., dvs. avløpsvatn som i samansetjing liknar vatn frå hushaldingar.

1.2. Reinsetiltak

Alt *prosessavløpsvatn* skal før det vert sleppt ut i sjøen, passere ein sjølvreinsande sil/filter med spalteopning/silopning på maksimalt 0,5 mm, og feittutskiljar dimensjonert for ei effektiv opphaldstid på minst 15 minutt, og overflatekapasitet på maksimalt 10 m³/m²h. Alternativt kan det nyttast annan reinseinretning med dokumentert minst like god utskiljingseffekt.

Anna avløpsvatn som ikkje er ureina skal leiast utanom silanlegg og feittutskiljar.

1.3. Utslepp til resipient

Utslepp av *prosessavløpsvatn* kan førast via eigen leidning til utslepp på ca. 45 meters djup i Ausa. Utsleppsleidningen må forankrast slik at den ikkje flyt opp eller endrar leie. Plassering må skje etter godkjenning frå Kystverket/Hamnevesenet, og leidningen må merkjast i samsvar med dei vilkåra som Kystverket/Hamnevesenet set.

Alternativt kan prosessavløpsvatnet frå verksemda, etter avtale mellom verksemda og Flora kommune, vere tilknytt Flora kommune sin utsleppsleidning frå Gunhildvågen (utslepp til Ausa).¹

Sanitæravløpsvatn skal førast til kommunalt reinseanlegg/utslepp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

2.1. Luktulemper

All lagring og transport av råstoff, produkt og avfall, spyling, reingjering, og anna aktivitet knytt til verksemda skal gå føre seg slik at det ikkje fører til nemnande luktulemper for naboar og omliggjande miljø.

2.2. Kjøle- og fryseanlegg

Kjøle- og frysemedia skal ikkje føre til fare for utslepp. Verksemda må ha rutinar som sikrar at lekkasjar ikkje oppstår. Brukt media må leverast attende til leverandør eller destruerast i samsvar med det regelverket som gjeld for spesialavfall.

¹ Ansvarstilhøve, økonomiske tilhøve m.v. vil i denne samanheng vere ei privatrettsleg sak mellom Global Florø AS og Flora kommune.

3. STØY

3.1. Støyavgrensing

Aktivitetar på anlegget skal ikkje føre til at følgjande immisjonskrav (ekvivalentnivå) blir overskridne for bustadhus (evt. hytter/fritidshus, sjukehus/sjukeheim osv.):

Dag	(06 - 18)	50 dB (A)
Kveld	(18 - 22)	45 dB (A)
Natt	(22 - 06)	40 dB (A)
Søn- og helgedagar	(06 - 22)	45 dB (A)

Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogeleg grad gjennomførast innafor vanleg arbeidstid (07 – 16) måndag til fredag.

Dersom støyen inneheld tydelege enkelttonar og/eller impulslyd, skal grenseverdiane reduserast med 5 dB(A). Høgaste lydnivå skal ikkje overskride grenseverdiane for ekvivalentnivå med meir enn 10 dB (A).

Dokumentasjon på støynivå skal følgje tilvising i ”Veiledning for måling av støy fra industri – immisjonsmålemetode” frå SFT (TA-590), eller seinare retningsliner, og skal utførast av uavhengig konsulent.

4. AVFALL OG SLAM

4.1. Generelt

Alle typar avfall (slakteavfall, daudfisk, feitt, slam, plast, papir m.v.) skal samlast opp etter kvart og handterast slik at det ikkje oppstår ureining. Dumping i sjø eller vassdrag er ikkje tillate. Det same gjeld nedgraving eller brenning.

Verksemnda skal sjølv eller i samarbeid med andre ha nok utstyr til å handtere den daglege mengda avfall.

Verksemnda må kunne dokumentere avfallsmengda, delt på ulike typar og gjenvinnbare avfallskomponentar, og har rapporteringsplikt til fylkesmannen.

4.2. Forbruksavfall

Forbruksavfall skal leverast til kommunal renovasjon. Dersom verksemnda ønskjer å levere noko av dette avfallet til andre, må dette avtalast særskilt med kommunen eller avfallsselskap som handlar på vegner av kommunen.

4.3. Produksjonsavfall

Produksjonsavfallet skal gjenvinnast. Avfallet skal verksemnda sjølv anten nytte om igjen i eigen produksjon, eller levere til andre som kan nytte det i si verksemd eller som kan handsama det vidare. Levering må skje tilstrekkeleg ofte til at avfallet kan nyttast som råstoff i anna produksjon. Slutthandsaming på godkjent deponi eller forbrenningsanlegg kan berre skje etter særskilt samtykke frå fylkesmannen.

4.4. Spesialavfall

Spesialavfall skal lagrast på ein forsvarleg måte, og skal leverast attende til leverandøren, eller eventuelt andre godkjende mottakarar.²

Journal med deklarasjonsskjema skal takast vare på ved anlegget i minst 5 år, og må vere tilgjengeleg ved kontroll.

5. DRIFTSKONTROLL M.M.

5.1. Driftskontroll for reinseanlegga

Verksemda pliktar å føre jamleg kontroll med reinseanlegga slik at desse alltid blir drive mest mogeleg effektivt, og slik at restutsleppa til ei kvar tid blir halde på eit minimum. For å sikre dette skal verksemda drive rutinemessig førebyggjande vedlikehald av reinseanlegga, og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

Verksemda skal òg utarbeide instruks for reinseanlegga, og føre journal over den daglege drifta. Det skal leggjast til rette for prøvetaking og kontroll av utsleppa.

5.2. Prøvetaking

Fire – 4 – gonger i året skal det takast prøver av prosessavløpsvatnet. Prøvene skal takast som blandprøve over minst **1 - eitt produksjonsdøgn** og analyserast på følgjande parameter:

- Suspendert stoff (SS).
- Feittinnhald.
- Organisk stoff (TOC, KOF eller BOF₇).³

Prøvene skal takast av avløpsvatnet etter partikkelfjerning og feittutskiljing. Dei skal takast under normale driftstilhøve, og gje eit representativt bilete av utsleppa frå verksemda. Analysane skal utførast av godkjent (akkreditert) laboratorium.

Det må òg liggje føre utrekningar/målingar av vassforbruk.

5.3. Journalføring/rapportering

Verksemda skal journalføre:

- Produsert fisk ved slakte/pakkeanlegget (mengde og fiskeslag).
- Fiskeavfall (mengde, samansetjing, handsaming og levering).
- Kjemikaliebruk (type og mengde).
- Resultat av prøvetaking/analysar.
- Avfallsmengder, delt etter SSB si klassifisering og i gjenvinnbare avfallskomponentar.

Journalar skal takast vare på ved anlegget i minst 5 år, og den må vere tilgjengeleg ved kontroll.

² Jf. "Forskrift om spesialavfall" frå 19. mai 1994, med endringar av 10. september 1996, T-1148.

³ Verksemda kan i samråd med laboratoriet velje kva parameter som skal nyttast for å måle mengda av organisk stoff.

Innan **1. mars kvart år** skal det sendast inn eigenrapport til fylkesmannen med opplysningar om produksjon og resultat frå prøvetaking/analysar m.v. Verksemda vil få tilsendt eigne skjema for rapportering frå føregåande år.

5.4 Ekstern kontroll

Eigaren av anlegget pliktar å la representantar for fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som fylkesmannen gjev fullmakt, inspisere anlegget til ei kvar tid (jf. §§ 48 – 52b i ureiningslova).

6. GRANSKING AV UREININGSTILHØVA

Fylkesmannen kan stille krav om miljøgranskingar (gransking av støy, vassureining og luftutslepp m.v.), jf. ureiningslova § 51. Verksemda må betale for slike granskingar. Verksemda kan òg påleggjast å betale ein høvesvis del av kostnadene ved gransking/overvaking av sjøområde som kan vere påverka av utsleppa.

7. ANDRE VILKÅR

7.1. Akutte utslepp

Dersom akutte utslepp oppstår, skal miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen varslast snarast råd.⁴

7.3 Eigarskifte, namneendring eller nedlegging

Ved eigarskifte, namneendring eller nedlegging av verksemda skal det straks gjevast melding til miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen. Tilsvarande pliktar verksemda å gje melding ved evt. ny oppstart. Fylkesmannen vil avgjere om det skal gjennomførast tiltak før oppstart eller setjast andre vilkår for drifta.

Dersom nedlegging/driftsstans har vart i meir enn 2 år, vil fylkesmannen før drifta kan starte opp, avgjere om det må søkjast om nytt utsleppsløyve, jf. vidare § 20 i ureiningslova.

7.4 Opprydding

Verksemda plikter å halde området rundt fabrikkent reint og ryddig. Ved nedlegging eller driftsstans, pliktar verksemda å rydde opp på det området som verksemda har nytta.

⁴ Brannvesenet skal varslast ved all akutt ureining frå landbasert verksemd. (Jf. forskrift T - 914 frå Miljøverndepartementet).